



Harald Hauge sit i maskinen. Hjelpearbeidar er Marcin Pawlak.

**I denne veka er det vedlikehald på alle kummane som ligg langs kommunal veg på Kjærlandssido. Det er entreprenør Hauge Forskaling som er tildelt jobben med reinsking, justering, forskaling og støyping av tilsaman 25 kummar. Det same arbeidet er gjort i Omvikdalen og det med gode resultat.**

Dagleg leiar, Harald Hauge, fortel til Uskedalen.no at dette er eit vanleg arbeid for verksemda hans. Det vert grave rundt alle kummane, forskalt og støypt. Nokre kummar vert løfta, justerte og tilpassa vegen og terrenget rundt. At vert gjort for at vatnet lettare skal renna inn i kummane og vidare i røyr under eller langs vegen.

Hauge Forskaling AS har basen sin på industrifeltet på Husnes, tett ved SIM. Verksemda utfører alt arbeid i betong, forskaling og støyping. Dei lagar ringmurar, grunnmurar og monterer betongelement.

I Uskedalen hadde dei alt betongarbeidet i sambandet med utvidinga og nybygget på SPAR.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal